

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Ulstein Hotell, Ulsteinvik
Møtedato	22.06.2005
Kl.	0900

Faste medlemer til stades:

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)
Tor Bremer (S og Fj – A)
Mathias Råheim (S og Fj – H)
Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)
Hilde Kvamsås Aa (S og Fj – SV)
Roald G. Bergsaker (R – H)
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)
Klara Tveit (R – SV)
Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)
Tom-Christer Nilsen (H- H)
Gisle Handeland (H- A)
Mette Holmefjord Olsen (H – SV)
Jon Aasen (M og R – A)
Jan Magne Dahle (M og R – SV)
Olav Bratland (M og R – H)

Forfall til møtet:

Eirin Kristin Sund (R – A)
Odd Arild Kvaløy (R- Sp)
Terje Søviknes (H - Frp.)
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)

Varamedlemer til stades:

Jan Koløy (H – Frp)
Oskar Grimstad (M og R – Frp)

Det møtte ikkje varamedlem for Erin Sund (R – A), Odd Arild Kvaløy (R- Sp), og Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – SP)

Andre til stades:

Samferdselsdirektør Olav Brevik, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland
Seniorrådgjevar Matti Torgersen, Hordaland
Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 22.04.05 vart godkjend utan merknader.

Meldingar - Vestlandsrådet 2005

Periode 22. april 2005 – 22. juni 2005

Nr	Arkivsak	Referansetittel
28/05	05/00005	Deltaking i Aqua Nor, mogeleg finansiell bistand frå Vestlandsrådet
Representanten Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt framlegg til oversendingsvedtak: "Vestlandsrådet samtykkjer i at inntil kr. 25.000.- av avsette midlar i høve Aqua Nor vert omdisponerte til profilering av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar,"		
Framlegget frå representanten Mette Holmefjord Olsen vart samrøystes vedteke.		
29/05	05/00036	Aktuelle samferdslesaker
30/05	05/00036	Europapolitisk lokal- og regionalforum 4. februar 2005
31/05	05/00023	Møte mellom Vestlandsrådet og Vestnorsk nettverk for høgskular og universitet i Volda 01.06.05

SAK 0028/05**Handlingsplanen - rapport 1. halvår/prioriteringsframlegg 2. halvår****Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1) Vestlandsrådet tek rapport for 1. halvår til vitande.
- 2) I det vidare arbeidet med handlingsplanen vert det gjort slik prioritering

Samferdsel

- Samla Transportplan for Vestlandet med hovudfokus på næringstransport /godstransport. Persontransport vil også vere eit tema.
- Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren
- Kome i inngrep med arbeidet med neste revisjon av Nasjonal transportplan (2010-2019)
- Oppfølging av handlingsprogrammet til NTP, inkludert oppfølging av statsbudsjettet for 2006.
- Stad skipstunnel

Næringsutvikling og innovasjon

- Framhald av arbeidet med nye marine artar.
- Halde fram arbeidet for auka bruk av gass.
- "Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene"
- Oppfølging av dialogen med "Vestnorsk nettverk for universitet og høgskular"

Kultur

- Arbeide vidare med å få fram ein kulturpolitikk innan ei sjølvstendig regional kulturpolitisk ramme.
- Utarbeide strategi omkring kultur- og næringsssatsing på Vestlandet.
- Følgje opp St.meld.nr.16 2004 – 2005 *Leve med kulturminner* i eit Vestlandsperspektiv

Internasjonalt arbeid

- Medverke til at politikarar frå Vestlandsfylka som har verv i europeiske organisasjonar kan nytte desse verva aktivt og målretta.
- Samarbeide med departementa og dei andre landsdelsorganisasjonane om internasjonale saker
- Få til eit slagkraftig EiC – kontor og syte for at det på ny kjem inn på statsbudsjettet
- Starte eit samarbeid om ein Nordsjøen – strategi

- 3) Framlegget til ny tekst når det gjeld maritime næringar vert godkjend.

Endringsframlegg:**Representanten Gisle Handeland sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under næringsutvikling og innovasjon:**

"Følgja opp arbeidet med å betra kystberedskapen og oljeverninnsatsen."

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå representanten Gisle Handeland vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1) Vestlandsrådet tek rapport for 1. halvår til vitande.
- 2) I det vidare arbeidet med handlingsplanen vert det gjort slik prioritering

Samferdsel

- Samla Transportplan for Vestlandet med hovudfokus på næringstransport /godstransport. Persontransport vil også vere eit tema.
- Vestlandsrådet sitt forvaltningsforsøk innanfor vegsektoren
- Kome i inngrep med arbeidet med neste revisjon av Nasjonal transportplan (2010-2019)
- Oppfølging av handlingsprogrammet til NTP, inkludert oppfølging av statsbudsjettet for 2006.
- Stad skipstunnel

Næringsutvikling og innovasjon

- Framhald av arbeidet med nye marine artar.
- Halde fram arbeidet for auka bruk av gass.
- "Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene"
- Oppfølging av dialogen med "Vestnorsk nettverk for universitet og høgskular"
- Følgja opp arbeidet med å betra kystberedskapen og oljeverninnsatsen.

Kultur

- Arbeide vidare med å få fram ein kulturpolitikk innan ei sjølvstendig regional kulturpolitisk ramme.
- Utarbeide strategi omkring kultur- og næringssetting på Vestlandet.
- Følgje opp St.meld.nr.16 2004 – 2005 *Leve med kulturminner* i eit Vestlandsperspektiv

Internasjonalt arbeid

- Medverke til at politikarar frå Vestlandsfylka som har verv i europeiske organisasjonar kan nytte desse verva aktivt og målretta.
- Samarbeide med departementa og dei andre landsdelsorganisasjonane om internasjonale saker
- Få til eit slagkraftig EiC – kontor og syte for at det på ny kjem inn på statsbudsjettet
- Starte eit samarbeid om ein Nordsjøen – strategi

- 3) Framlegget til ny tekst når det gjeld maritime næringar vert godkjend.

SAK 0029/05**Forprosjekt - Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar****Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet startar opp forprosjekt i "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" i andre halvår 2005. Forprosjektet vil gå over 9 månader, og bli avslutta i 2. kvartal 2006.
2. I forprosjektet skal ein m.a.:

Avklara utfordringar og muligheiter for påverknad og endring av kanalisering og bruk av utviklingsmidlar, forskingsmidlar og kapital til beste for næringsutvikling basert på nye marine artar på Vestlandet.

Greie ut samarbeidsmodellar på Vestlandet og samarbeid med nasjonalt nivå.

Konkretisere og gje innhald til Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar.

3. I forprosjektet vil ein greie ut og sjå på høve til etablering av ny risikovillig kapital for nye oppdrettsartar.
4. Samla vert utgiftene til forprosjektet kr. 900 000. I VR-sak 5/05 (12/1 2005) vart det sett av kr. 400 000 til arbeidet med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Vestlandsrådet set av nye kr. 500 000 til forprosjektet.

Endringsframlegg:

Representanten Roald Bergsaker sette fram slikt framlegg til vedtak:

- "1. Vestlandsrådet startar opp forprosjektet "Vestlandsprogrammet for oppdrett av nye marine artar" i andre halvår 2005. Forprosjektet vil gå over 9 månader, og bli avslutta i 2. kvartal 2006. Målet med forprosjektet er å konkretisere og gi innhald til eit eige program for nye oppdrettsartar på Vestlandet.
2. Forprosjektet skal ha fokus på følgjande områder:
 - a) "Aktuelle nye marine artar på Vestlandet
 - b) Kapital, herunder spørsmålet om å oppreta eit eige fond for utvikling av nye artar på Vestlandet.
 - c) Tilgang på kompetanse og utviklingskapital.
3. Grei ut samarbeidsmodellen på Vestlandet og samarbeid med nasjonalt nivå.
4. Det vert sett av ei ramme til forprosjektet på kr. 900.000.-. I denne ramma inngår tidlegare løyving på kr 400.000.- (VR-sak 5/05)

Organisering:

Prosjekteigar: Vestlandsrådet

Styringsgruppe: Næringsgruppa i Vestlandsrådet

Arbeidsgruppe: Marin ressursgruppe er arbeidsgruppe. Prosjektet vert leia av "vertsfylket" sin representant i styringsgruppa (næringsgruppa)

Fagleg referansegruppe: Her må Biomarin Vekst også delta."

Representanten Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg:

"Havforskningsinstituttet og Universitet i Bergen vert med i fagleg referansegruppe."

Representanten Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt framlegg som nytt punkt 5:

- "5. Vestlandsrådet vert halde orienterte ved jamnlege løypemeldingar."

Avrøysting:

Framlegga frå representantane Roald Bergsaker, Tom-Christer Nilsen og Mette Holmefjord Olsen vart samrøystes vedtekne.
Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet startar opp forprosjektet "Vestlandsprogrammet for oppdrett av nye marine arter" i andre halvår 2005. Forprosjektet vil gå over 9 månader, og bli avslutta i 2. kvartal 2006. Målet med forprosjektet er å konkretisere og gi innhald til eit eige program for nye oppdrettsartar på Vestlandet.
2. Forprosjektet skal ha fokus på følgjande områder:
 - a) "Aktuelle nye marine artar på Vestlandet
 - b) Kapital, herunder spørsmålet om å oppreta eit eige fond for utvikling av nye artar på Vestlandet.
 - c) Tilgang på kompetanse og utviklingskapital.
3. Grei ut samarbeidsmodellen på Vestlandet og samarbeid med nasjonalt nivå.
4. Det vert sett av ei ramme til forprosjektet på kr. 900.000.-. I denne ramma inngår tidlegare løyving på kr 400.000.- (VR-sak 5/05)
5. Vestlandsrådet vert halde orienterte ved jamnlege løypemeldingar.
6. Organisering:

Prosjekteigar:	Vestlandsrådet
Styringsgruppe:	Næringsgruppa i Vestlandsrådet
Arbeidsgruppe:	Marin ressursgruppe er arbeidsgruppe. Prosjektet vert leia av "vertsfylket" sin representant i styringsgruppa (næringsgruppa)
Fagleg referansegruppe:	Biomarin Vekst, Havforskningsinstituttet og Universitet i Bergen vert med i fagleg referansgruppe

SAK 0030/05

Forskingsmeldinga og Vestlandet

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet ser positivt på at forskingsmeldinga varslar auka prioritering av næringsretta forskning.
2. Vestlandsrådet krev at ein vesentleg større del av forskingsmidlane kjem Vestlandet til gode – for å utløyse det store utviklingspotensialet i næringslivet på Vestlandet og dermed fremje auka innovasjon og nyskaping.

3. Vestlandsrådet viser til det initiativet Vestlandsrådet har tatt for å styrke utviklingsarbeidet retta mot nye marine artar, og forventar at denne satsinga blir særskilt tilgodesett i forskingsrådet sine prioriteringar.

4. Med dei tunge nærings- og forskingsmiljøa ein har på Vestlandet, forventar Vestlandsrådet at minst halvparten av dei nye Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) blir lokalisert til miljø på Vestlandet.

5. Det må etablerast fleire regionale innovasjonssentra (Center of expertise) på Vestlandet.

SAK 0031/05

Luftfart på Vestlandet - rapport frå Rogalandforskning

VEDTAK:

Rapporten frå Rogalandforskning er eit grundig arbeid med vurdering av luftfartsstrukturen på Vestlandet. Vestlandsrådet ynskjer å arbeide vidare med saka, jfr saksframstillinga.

Vestlandsrådet ynskjer å kome med konkrete innspel til rutetilbod /rutestruktur og avgiftspolitikkk. Det må førebuast ei sak til neste møte på dette.

SAK 0032/05

Riksregulativet for ferjetakstar - høyring

Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Vestlandsrådet ser positivt på arbeidet med å lage ei ny og meir effektiv billetteringsordning for ferje. Innsparinga med ny ordning må kome dei reisande til gode i form av lågare takstar, betre frekvens og nyare materiell.
- 2 Den føreslegne rabattordninga med at rabatten skal følgje køyretøyet, vil vere negativ for næringslivet på Vestlandet. Rabatten for storbrukarkort må følgje bedrifta og ikkje kvart enkelt køyretøy.
- 3 Vestlandsrådet går i mot at takstane har eit sommarpåsag. Fjord Norge er eit av dei viktigaste reisemåla i landet og eit auka kostnadsnivå på ferjereisa vil vere uheldig for reiselivsnæringa.
- 4 Reisande med trygdebil må få ei rabattordning som gjer at kostnaden deira ikkje vert auka utover dagens nivå.
- 5 Brukarar av elektrisk rullestol må reknast som passasjerar og såleis sleppa å betale køyretøytakst.
- 6 Vestlandsrådet føreset at det reviderte regulativet ikkje skal innebere auka kostnader for busstrafikk i rute. Vi ber staten tvert i mot, i det reviderte takstregulativet, om å vurdere å sløyfe ferjetakst for busstrafikk i rute ettersom dette vil vere ei positiv prioritering av

- kollektivtrafikken som kan stimulere fleire til å reise kollektivt.
- 7 Vestlandsrådet viser elles til vedtaka i dei einskilde fylka.

Endringsframlegg:

Representanten Liv Signe Navarsete sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

”Vestlandsrådet er ein region der næringsliv og innbyggjarar har store utgifter til ferje- og bompengar, i tillegg til eit dårleg og rasutsett vegnett. Vestlandsrådet kan ikkje akseptere ordningar som vil medføre ytterlegare kostnader for brukarane. Tvert om må det vere ei oppgåve for statlege styresmakter å redusere satsane for bompassering og ferjer. Vestlandsrådet ser difor på omlegginga av riksregulativet for ferjetakstar som eit muleg første steg på vegen mot gratis ferjer sidan ferjene er ein del av vegnettet”

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå representanten Liv Signe Navarsete vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Vestlandsrådet ser positivt på arbeidet med å lage ei ny og meir effektiv billetteringsordning for ferje. Innsparinga med ny ordning må kome dei reisande til gode i form av lågare takstar, betre frekvens og nyare materiell.
- 2 Den føreslegne rabattordninga med at rabatten skal følgje køyretøyet, vil vere negativ for næringslivet på Vestlandet. Rabatten for storbrukarkort må følgje bedrifta og ikkje kvart enkelt køyretøy.
- 3 Vestlandsrådet går i mot at takstane har eit sommarpåsag. Fjord Norge er eit av dei viktigaste reisemåla i landet og eit auka kostnadsnivå på ferjereisa vil vere uheldig for reiselivsnæringa.
- 4 Reisande med trygdebil må få ei rabattordning som gjer at kostnaden deira ikkje vert auka utover dagens nivå.
- 5 Brukarar av elektrisk rullestol må reknast som passasjerar og såleis sleppa å betale køyretøytakst.
- 6 Vestlandsrådet føreset at det reviderte regulativet ikkje skal innebere auka kostnader for busstrafikk i rute. Vi ber staten tvert i mot, i det reviderte takstregulativet, om å vurdere å sløyfe ferjetakst for busstrafikk i rute ettersom dette vil vere ei positiv prioritering av kollektivtrafikken som kan stimulere fleire til å reise kollektivt.
- 7 Vestlandsrådet viser elles til vedtaka i dei einskilde fylka.
- 8 Vestlandsrådet er ein region der næringsliv og innbyggjarar har store utgifter til ferje- og bompengar, i tillegg til eit dårleg og rasutsett vegnett. Vestlandsrådet kan ikkje akseptere ordningar som vil medføre ytterlegare kostnader for brukarane. Tvert om må det vere ei oppgåve for statlege styresmakter å redusere satsane for bompassering og ferjer. Vestlandsrådet ser difor på omlegginga av riksregulativet for ferjetakstar som eit muleg første steg på vegen mot gratis ferjer sidan ferjene er ein del av vegnettet

SAK 0033/05**Reis i vest /Nasjonal standard for elektronisk billettering****VEDTAK:**

Vestlandsrådet ber om at Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet i det vidare arbeidet med handbok 206 om elektronisk billettering (kontinuerleg) vurderer dei praktiske, konkrete konsekvensane for systemutviklinga ut i fylka slik av vi får ein eintydig kravspesifikasjon som sikrar full interoperabilitet mellom systema i dei ulike fylka.

Samferdselsdepartementet må medverke økonomisk for å få til løysingar som sikrar regional og i prinsippet nasjonal interoperabilitet – ein føresetnad for eit kundevenleg billetteringssystem. Ettersom dagen handbok 206 gjev rom for at fylke, ut frå formelle krav til anskaffelser og andre vurderingar, endar ut med ulike leverandørar og at det nå i etterkant viser seg at krava i handbok 206 ikkje sikrar full interoperabilitet, må Samferdselsdepartementet her ta ansvar og bidra.

SAK 0034/05**Vestlandsforsøket - omdisponeringar på post 31 og post 60****VEDTAK:**

Vestlandsrådet vedtek omdisponeringar på post 31, Rassikring, og post 60, Øvrige riksvegar, i tråd med Statens vegvesen sitt framlegg.

--- ” ---

Protokolltilførsel:

Vestlandsrådet føreset at uttrekka i 2005 på Jondalstunellen og Agaparsellen vert tilbakeførte i 2006.

---- ” ----

Representantane frå Møre og Romsdal deltok ikkje i avrøystinga.

SAK 0035/05**Nasjonal transportplan 2006-2015 - Handlingsprogrammet
Marginalvurderingar innanfor post 31 Rassikring**

VEDTAK:

Vestlandsrådet legg til grunn Statens vegvesen sine marginalvurderingar for post 31, Rassikring.

--- ” ---

Representantane frå Møre og Romsdal deltok ikkje i avrøystinga.

SAK 0036/05

Utgreiing om eit eventuelt nytt folkevald nivå på Vestlandet

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet sender utgreiinga på brei høyring med frist til 20 oktober 2005 til høyringsinstansar i dei fire fylka som er med i Vestlandsrådet. Merknadene frå fylkestinga følgjer utgreiinga på høyring.
2. Med grunnlag i utgreiinga og i høyringsinstansane sine synspunkt, blir det teke sikte på å fremje sak til fylkestinga i desember om vegen vidare.
3. Det vert arrangert ein høyringskonferanse med brei invitasjon fredag 7. oktober.